



ÅRSMELDING ÅR 2017

OPPLÆRINGSKONTORET

Opplæringskontoret for Nordhordland er ein medlemsorganisasjon for opplæringsverksemder i Nordhordland. Kontorstad er plassert i Galteråsen 4, i Lindås kommune.

Hovudoppgåva til Opplæringskontoret er å koordinera og gjennomføra tiltak innan fagopplæring i samsvar med Opplæringslova. Sentrale samarbeidspartar utover medlems-verksemdene er bl.a.; Knarvik vidaregåande skule, Austrheim vidaregåande skule, Hordaland fylkeskommune hovudsakleg ved Fagopplæringskontoret og Opplæringsavdelinga, Nordhordland Næringslag og LO Nordhordland.

STYRET:

Styret for Opplæringskontoret i Nordhordland er samansett i tråd med gjeldande vedtekter og består av 3 representantar frå medlemsverksemdene, ein representant frå vidaregåande skule, ein representant frå Nordhordland Næringslag og ein representant frå LO Nordhordland.

I 2017 var styret samansatt som følgjer:

Styremedlemmar:

Nils Arne Træland (Lindås VVS Nils Træland) Styreleiar
Konrad Risnes (Risnes Elektro) nestleiar
Mette Marei Træland (Lindås kommune)
Jimmy Pasali (Nordhordland Næringslag)
Kari Espelund Bruvik, Rektor på Knarvik vidaregåande skule
Rune Myntevik, Leiar i LO Nordhordland

Personleg vararepresentantar :

Terje Seim (Seim Bygg AS) vara for Nils Arne Træland
Eirik Eknes (Eknes karosseri), vara for Konrad Risnes
Kathrine Straumøy Brakstad (Meland kommune), vara for Mette Marei Træland

Ove Kåre Kjeilen (CCB Mongstad), vara for Jimmy Pasali
Kjersti Daland Næss (Rektor v. Austrheim vgs), vara for Kari Espelund Bruvik
Britt Inger Myhr (nestleiar LO Nordhordland), vara for Rune Myntevik.

I valnemnda sit: Geir Kleppe (Nordhordland elektro), Wenche Myrmel (Austrheim kommune) og Vidar Aasgård (Mundal Subsea).

Medlemsverksemder:

Ved utgangen av år 2017 hadde Opplæringskontoret 106 medlemsverksemder. Nye medlemmar i 2017 er: Autoklinikk, Knarvik Blomsterstove AS og Jan Erling Borge. Ajourført medlemsliste ligg ved årsmeldinga.

ØKONOMI/Fortsatt drift:

Årsrekneskapen syner ei oversikt over utvikling og resultat for verksemda ved årsskiftet.

Me ligg litt under budsjett både når det gjeld utgifter og inntekter. Totalt har Opplæringskontoret eit overskott på kr. 6.816.027 i 2017, altså litt under budsjett. Styret tilrår å setja av 70% av tilskottet til utbetaling til verksemdene. Det vil sei ei utbetaling i underkant av 6,5 mill. Resterande overskott vil me tilrå at Opplæringskontoret får tilført si drift i 2018, for å auka bemanninga ved kontoret. Den minimale bemanninga tærar hardt på dei tilsette, og gjev lite rom for strategisk utviklingsarbeid.

Ved oppsett av årsrekneskapen føreset styret vidare drift. Og stadfestar med underskrift at dei ikkje kjenner til andre tilhøve som kan påverka resultatet.

AKTIVITET ÅR 2017:

Styremøte:

Det har vore gjennomført seks styremøte i 2017. Styret har handtert 37 saker, som i all hovudsak dreiar seg om; planar, drift og økonomistyring.

Personale:

Opplæringskontoret har i 2017 hatt om lag 3,5 årsverk i snitt. Dagleg leiar og lærlingekoordinator i 100% stillingar, kontormedarbeidar i 80% stilling, ekstrahjelp i 40% stilling i perioden januar – juni, og lærling i kontor- og administrasjonsfaget i perioden April – August (tilbake etter fødselspermisjon).

Lærlingar:

Opplæringskontoret for Nordhordland hadde registrert 210 aktive lærlingar og lære kandidatlar ved utgangen av 2017. Det vart tatt inn 61 nye lærlingar i løpet av året, dvs. 5 fleire enn i 2016. 60 lærlingar har fått fagbrevet i løpet av året. Av desse har; 10 oppnådd fagbrev med resultat Bestått Mykje Godt og 50 med resultat Bestått. Me har hatt 5 prøvar med resultatet Ikkje bestått. Fire av desse har bestått på andre gangs prøve. Ein har ikkje bestått fagprøven etter to forsøk. Kandidaten har fått hjelp til å sende klage, og ventar på svar på klagen. Ein lærling har fullført og avslutta læretida utan å gjennomføra fagprøven.

Fire lærekandidatar har fullført opplæringstida si, og oppnådd delkompetanse i eit fag. Og så har det vore gjennomført fire kontraktshevingar i løpet av året.

Eigne arrangement:

- **27.01.2017: Svennegilde m. fagbrevutdeling**

Markeringa vart halde på Alver Hotell. 38 nyutdanna fagarbeidarar var invitert til å motta fag-/sveine-brev. Representantar frå bedriftene var sjølvst og så invitert, og arrangementet vart avvikla med stil, og dei nyutdanna fagarbeidarane vart gjort stas på.

- **28.03.2017: Årsmøte**

Årsmøtet vart halde i Galteråsen 4 i møtelokalet hjå H.Sandvik. Med sju deltakarar til stades. Årsmøte tok for seg ordinære årsmøtesaker.

- **28.-29.11.2017: Yrkes og Utdanningsmesse i Nordhordland**

Opplæringskontoret var også i 2017 medarrangør på Yrkes- og utdanningsmessa som tradisjonen tru vart halde i Nordhordlandshallen.

Det var nytt av året at messa vart organisert med utgangspunkt i utdanningsprogramma. Dette var ikkje ideellt for Opplæringskontoret, som vart plassert mellom Helse og oppvekst og Bygg og anlegg. Me hadde ein kraftig nedgang av besøkjande i høve tidlegare år.

Andre oppgåver:

- Me har rutinar for jamnlege oppfølgingsmøter med lærlingane og verksemdene. Og har gjennomført over 450 evaluerings- og oppfølgings-møter gjennom året.
- Ordna med formelle godkjenningar (godkjenning av bedrifter, lærekontrakter, oppmeldingar, endringar osv.)
- Bestilt teori, skaffa lærebøker og rettleia lærlingar i oppmelding til teori-eksamen

Likestilling:

Opplæringskontoret har ein medviten haldning til likestilling. Me har berre kvinnelege tilsette på kontoret. Dette skuldast liten interesse frå mannlege søkjarar på utlysingane me har hatt dei siste åra.

I styret sit det derimot fire mannlege representantar og to kvinnelege representantar.

Arbeidsmiljø:

Opplæringskontoret fører oversikt over sjukefråvær i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter. I 2017 har me hatt eit sjukefråvær på heile 8 %. Langt over normalen for kontoret. Det er ikkje registrert ulykker eller skadar i 2017.

Aktiviteten i opplæringskontoret har liten innverknad på det ytre miljøet. Og me legg stor vekt på å overhalda gjeldande lovar og reglar på alle område.

KNARVIK 20.03.18



NILS ARNE TRÆLAND

Styreleiar



JIMMY PASALI

styremedlem



KONRAD RISNES

nestleiar



RUNE MYNTEVIK

styremedlem



KARI ESPELUND BRUVIK

styremedlem



METTE MAREI TRÆLAND

styremedlem



LILLIAN VABØ MONGSTAD

dagleg leiar